Innstilling av plog

Tekst Knut Flatvad



Figur 1. Alle plogar skal ha skummutstyr. Denne plogen har forplogar.

Ei skikkeleg pløgsle skjuler alle planterester, reduserer smittepress og er effektiv mot ugras. Her vil eg oppsumere nokre viktige punkt ved innstilling av ein teigplog. Dette er altså ikkje gyldig ved innstilling av vendeplog.

Når ein skal pløye, må ein ha med og bruke tommestokk. Plogen må tilpassast kvar enkelt traktor. Det kan ta 2-3 timar første gongen du gjer det. Når plogen først er stilt inn, kan du bruke same innstillinga seinare òg. Noter ned strategiske mål med sprittusj på plogen.

Krav til plogen

Alle plogar skal ha skummutstyr. Utan skummutstyr er det umogleg å gøyme planterestar ned i pløgsla. Både skummskjær og forplogar gjer godt arbeid. Dersom du skal kjøpe nytt skummutstyr skal du kjøpe forplogar, sjå Figur 1. Dei er mykje meir robuste enn skummskjær, og gjer godt arbeid både på åker og voll. Skummskjær subbar lett i halm. Skummfjøler er ikkje egna på voll.

Alle plogar skal òg ha dybdehjul. Dybdehjul gjer at det blir svært mykje lettare å halde jamn pløyedjupne.

Utslitne skjær og spissar gjer at det blir vanskeleg å få plogen til å gå ned i jorda. Skift spissane med ein gong det blir slitasje på mutrane som festar spissane.



Figur 3. Innstilling av skiveristlar

Dragakselen på plogen kan ein få i ulike lengder. Dragakselen må være så lang at forlenginga av trekkstengene møter kvarandre under traktoren.

Innstillingar i verkstaden

Innstilling av traktoren:

- Trekkstengene skal være like høgt over bakken. Still avvatringa av trekstengene slik at begge løftestaga er like lange.
- Stabiliseringsstag på trekkstengene skal stillast slik at plogen får vandre fritt sidevegs, bruk avlange hol, eller slakke kjettingar.
- Kontroller avstanden mellom hjula slik figur 4 d viser. Avstanden mellom framhjula skal være litt større enn avstanden mellom bakhjula.
- Det er som regel best å bruke fast toppstag. Hydraulisk toppstag kan brukast dersom plogen har dybdehjul, toppstaget ikkje sig, og har skala.
- Vel eit hol på tårnet til plogen slik at toppstaget heller svakt mot traktoren.

Instilling av plogen:

- Alle skiveristlane skal være likt justert. Dei skal være justert slik at dei skjer ned til omlag halv pløyedjupne og at dei skjer eit snitt 1-2 cm til venstre for landsida, sjå Figur 3.
- Alle Skummskjær eller forplogar må òg være likt justert.
- Dersom ein har rund dragaksel, må ein kontrollere at bøyen på dragakselen på høgre side peikar rett ned.

Innstillingar ute

Når ein skal justere inn plogen er det ein stor fordel å gjere det på eit nokon lunde flatt skifte med ikkje alt for mykje stein. Det er vanskeleg å stille inn plogen i sterk sidehelling. Lag først ei lang bein får med omlag rett pløyedjupne. Innstilling av plogen skal gjerast i rekkefølga vist i punktlista nedom. Køyr 4-5 meter mellom kvar innstilling. Det kan være nødvendig å gjenta alle innstillingane fleire gonger.

1. Rett pløyedjup er som regel 15-20 cm, Still inn pløyedjupna slik:
   a Still plogåsane vinkelrett på jordoverflata ved å justere avvatringa, sjå Figur 4.
   b Still dybdehjulet slik at bakre kropp pløyer på rett djupne, bruk tommestokk.

Figur 4. Still avvatringa til plogåsane er vinkelrett på jordoverflata. Når du stiller avvatringa må du øg korrigere toppstaget

Dersom plogåsane skrår til venstre må toppstaget kortast inn. Da blir plogen lettare å få ned men pløyer ikkje fint. Dersom plogåsane skrår til høgre må toppstaget forlengast. Da pløyer plogen finare og blir vanskelegare å få ned.



Figur 5. Still toppstaget slik at alle veltene er like og alle plogåsane er like høgt over jordoverflata. Mål evt. ved punkt A og punkt B på teikninga



Figur 6. Grunninnstilling av dragaksel og avstand mellom framhjul.

a) feil: *For stor avstand mellom framhjula eller feil innstilling av dragaksel fører til at trekkstengene slår ut til den eine sida*



b) riktig *grunninnstilling av rund dragaksel og firkanta dragaksel. Liten forskjell i hjulavstand fram og bak*



c) riktig *grunninnstilling av firkanta dragaksel. Vinkel på dragaksel i forhold til plogen er justert med strevaren a*



d) måling *av avstand mellom framhjul og bakhjul.*



Figur 7. Grunninnstilling, firkanta dragaksel.
1) Still strevaren a) til begge trekkstengene har lik vinkel i forhold til traktoren slik figur 6 c viser.
2) Still strevaren b) til første fåra er like brei som dei andre fårene



Figur 8. Grunninnstilling, rund dragaksel.
1) Vri dragaksel slik at kroken på dragakselen, posisjon a) peikar rett ned
2) forskyv dragakselen sidevegs til første fåra er like brei som dei andre fårene



c Still høgda på trekkstengene slik at toppstagbolten er laus

d Kontroller at alle kroppane pløyer like djupt, sjå figur 5. Kortare toppstag for djupare, lengre for grunnare pløying. Når toppstaget er justert, gjenta punkt b til d.

2. Still inn dragakselen.

Firkanta dragaksel

- Trekkstengene skal ikkje slå ut til venstre slik figur 6a viser. Juster vinkelen på dragakselen med strevaren vist i figur 7a til trekkstengene har lik vinkel i forhold til traktoren slik figur 6c viser. Dersom strevaren ikkje kan gjerast kortare og trekkstengene framleis slår ut til venstre må avstanden mellom framhjula reduserast. Avstanden mellom framhjula skal ikkje være mindre enn mellom bakhjula.
- Still bredda på første fåra med strevaren vist i figur 7b til alle fårene er like breie.

Rund dragaksel

- Begynn med å vri dragakselen slik at kroken på dragakselen peikar rett ned.
- Trekkstengene skal ikkje slå ut til venstre slik figur 6a viser. Dersom dei gjer det må avstanden mellom framhjula reduserast slik at han blir 2-5 cm større enn avstanden mellom bakhjula. Mål avstanden mellom innsida av hjula slik figur 6d viser. Figur 6b viser riktig grunninnstilling av plog med rund dragaksel.
- Bredda på første fåra justerer ein ved å forskyve dragakselen sidevegs i forhold til plogen. Løys skruvane vist i figur 8, punkt 1 og 2. Når plogen har riktig grunninnstilling kan ein vri dragakselen for å justere bredda på første fåra i sidehelling.

3. Still skummutstyret slik at det skjær av eit passe tjukt lag med jord. 2-4 cm på voll og 3-6 cm på åker.
4. Kontroller at skiveristlane går slik at dei skjer 1-2 cm til venstre for landsida, sjå figur 3